

# Styresak

Går til: Styremedlemmer  
 Føretak: Helse Vest RHF  
 Dato: 15.02.2009  
 Sakshandsamar: Jan-Erik Lorentzen  
 Saka gjeld: **Budsjett 2009 for Helse Vest RHF - administrasjonen**

**Styresak 025/09 B**

**Styremøte 04.03. 2009**

## Bakgrunn

Styret i Helse Vest vedtok under styresak 107/08 Inntektsfordeling 2009, inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for administrasjonen på kr 96,6 mill inkl. løns- og rekneskapscenteret (LRS). Det er lagt inn fem ekstra årsverk i administrasjonen. Helse Vest vil og etter denne auken i årsverk være det regionale helseføretaket som har færrest stillingar både i relative og absolutte termer. Administrasjonen legg fram følgjande budsjettforslag:

Budsjett for Administrasjonen 2009	Budsjett 08 inkl. LRS	Budsjett 09 inkl. LRS	Budsjett 2009 for LRS	Vekst ekskl LRS
<b>3 - Salgs- og driftsinntekter</b>	<b>-4 441</b>	<b>-6 219</b>	<b>-6 219</b>	
50a - Lønn tilsette	29 292	30 056	3 309	4,9 %
50b - Lønn nye årsverk	-	4 576	1 026	
52 - Fordel i arbeidsforhold	5	5	-	0,0 %
53 - Annen oppgavepliktig godtgjørelse	1 930	1 930		0,0 %
54 - Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	9 137	11 120	1 161	23,3 %
55 - Annen kostnads godtgjøring				
56 - Arbeidsgodtgjørelse til eiere o.l.	1 348	1 448	300	0,0 %
58 - Offentlige refusjon vedr. arbeidskraft	-350	-350		
59 - Annen personalkostnad	694	694	20	0,0 %
<b>5 - Lønnskostnad</b>	<b>42 056</b>	<b>49 479</b>	<b>5 816</b>	<b>18,1 %</b>
60 - Av- og nedskrivning	802	802	-	0,0 %
63 - Kostnad lokaler	4 746	4 883	262	4,4 %
64 - Leie maskiner, inventar o.l.	123	129		4,4 %
65 - Verktøy, inventar og driftsmaterialer	600	776	-	29,4 %
66 - Reparasjon og vedlikehold	130	136		4,4 %
67 - Fremmed tjeneste	31 201	35 584	2 200	8,0 %
68 - Kontorkostnad, trykksak o.l.	2 326	2 728	-	17,3 %
69 - Telefon, porto o.l.	1 868	1 966	150	3,3 %
<b>6 - Annen driftskostnad, av- og nedskrivning</b>	<b>41 795</b>	<b>47 004</b>	<b>2 612</b>	<b>8,0 %</b>
71 - Kostnad og godtgjørelse for reise, diett, bil o.l.	4 755	4 335	100	-9,0 %
73 - Salgs-, reklame- og representasjonskostnad	1 591	1 591		0,0 %
74 - Kontingent og gave	62	64		4,4 %
77 - Annen kostnad	210	354	200	0,0 %
75 - Forsikringspremie, garanti- og servicekostnad	30	31		4,4 %
<b>7 - Annen driftskostnad, av- og nedskrivning</b>	<b>6 647</b>	<b>6 375</b>	<b>300</b>	<b>-6,4 %</b>
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>90 498</b>	<b>102 858</b>	<b>8 728</b>	<b>11,3 %</b>
<b>RESULTAT</b>	<b>86 057</b>	<b>96 639</b>	<b>2 508</b>	<b>11,3 %</b>

Budsjettet for 2009 ekskl. budsjettet for løns- og rekneskapscenteret viser ein vekst på 11,3 %. Auken ut over 5,2 % kjem hovudsakeleg av dei nye årsverka.

### Lønn og personalkostnader

Helse Vest hadde ved utgangen av 2008 ei stillingsramme på 41 årsverk. To av desse stillingane er det ikkje tilsett medarbeidarar i enno.

Administrerende direktør tilrår i denne saka å oppretta fem nye årsverk. Tabellen nedanfor viser dei nye årsverka:

Avdeling	Årsverk	Funksjon
Internrevisor	1,0	Finansiering av redusert konsulentbruk
Økonomiavdelinga	1,0	Innkjøpsrådgiver/koordinator
Eigaravdelinga	1,0	Systemarkitektur - styrking av strategisk nivå
Fagavdelinga	1,0	Styrke analysefunksjonen og oppfølginga av føretaka
Fagavdelinga	1,0	Styrke kvalitetsarbeidet i Helse Vest

Som ein del av styringa i det regionale føretaket er det lagt opp til ei tett oppfølging av våre dotterføretak. Administrerende direktør meiner at vi bør halde fram med ytterlegare oppfølging og utvikle metodane vidare. I den forbindelse treng ein meir ressursar. Bakgrunnen for å tilrår dei nye stillingane er at personalsituasjonen er relativt marginal i forhold til oppgåvene. Stillingane vil styrke kapasiteten innan saksbehandling på utsette områder og vil redusere avdelinga si sårbarheit i forhold til fråvær og redusert arbeidstid hos medarbeidarar.

For å kvalitetssikre kva nivå Helse Vest ligg på når det gjeld bemanning er det gjort ein undersøking av antall årsverk i landets RHF. Oversikta er vist i tabellen under.

RHF	Ansatte	Kommentar
Helse Vest	41	(ekskl. lønns og regnskapscenter, LRS)
Helse Midt	47	
Helse Nord	46	
Helse Sør-Øst	120	(Uten engasjement og tillitsvalgte men med permisjon)

Administrasjonen i Helse Vest RHF er i budsjettforslaget for 2009 lik talet på årsverk i Helse Nord RHF i 2008.

Avdeling	Årsverk
Informasjonsavdelinga	4 årsverk
Fagavdelinga	13,2 årsverk
Sekretariat	4 årsverk
Økonomi- og finansavdelinga	10,8 årsverk
Personalavdelinga	2 årsverk
Eigaravdelinga	8 årsverk
Administrerende direktør	1 årsverk
Internrevisor	2 årsverk
Ufordelt	1 årsverk
<b>Sum Helse Vest RHF</b>	<b>46 årsverk</b>
Løns- og rekneskapscenteret	9,8 årsverk

*Dei nye årsverka er inkludert i tabellen*

## Eksterne tenester

Kostnader til prosjekter er på same nivå som i fjor, justert for ein lønns og prisvekst på 4,4 %. I tabellen nedanfor følgjer dei planlagde prosjekta i 2009:

<b>Økonomiavdelinga</b>	
ERP STRATEGI	500
EQS - økonomihåndboka	500
SIM brukarforum - reetablering	50
Raskere og felles regnskapsavslutningsprosedyre	500
Ny inntektsmodell	800
Evaluering/tilpasning av budsjett/rapporteringsverktøy	300
Controllermetodikk - utvikling og implementering	500
<b>Eigaravdelinga</b>	
Kvalitetssikring av utbyggingsprosjekt	250
Internkontrollprosjektet	300
Miljø og klimaprosjekt	300
Innovasjon - RHF felles handlingsplan	150
<b>Fagavdelinga</b>	
Regional plan for psykisk helsevern	250
Naudnett – forberedelse Helseregion Vest	600
Lands- og fleirregional funksjon	250
Kapasitetsvurdering revmatologi	200
Implementering nye prioriteringsveilederer	250
Fristbrudd - oppfølging av helseføretaka	250
Prosjekt rehabilitering/gjestepasientar	750
Spesialisthelsetenester til eldre	250
<b>HR avdelinga</b>	
Val av styre	500
Fråvær og ressurs	200
<b>Kommunikasjonsavdelinga</b>	
Omdømmeundersøking - div	1 250
Felles webdrift med Sør/Aust prosjektleiing	4 250
Prosjektreserve	9 139
<b>Sum</b>	<b>22 289</b>

Erfaringsvis dukkar det opp ad hoc prosjekt som må handterast fortløpande ut over i året. Det er derfor lagt inn ein reserve som skal dekke for denne uvissa. Denne posten er også meint å dekke eventuelle endringar av dei estimat som er laga for dei andre prosjekta.

Veksten utover deflator på 4,4 % skuldast at det er haldt av midlar til kjøp av tenester frå Helse Bergen HF innanfor E-handel og koordinering av nasjonale HINAS innkjøp.

### Andre driftskostnader

Driftskostnadene er i hovudsak prisjustert med 4,4 %. I tillegg er det i nokre tilfeller omprioritert mellom postar i budsjettet i forhold til historisk forbruk i 2008. Dette gjeld mellom anna ei reduksjon i posten for godtgjering til reise og diett og ei styrking av posten for kontorkostnad, trykksak og liknande.

### Løn og rekneskapscenteret

I sak 107/08 Inntektsfordeling 2009 vart det budsjettert med kostnader på kr 1,5 mill til Løn og rekneskapscenteret. Det har i etterkant vist seg at det vil være behov for ekstra inneleige av konsulenthjelp i ein overgangsperiode i 2009. RHF'et sin kostnad er derfor auka til kr 2,5 mill.

## Forslag til vedtak

Styret vedtar budsjett 2009 for administrasjonen til Helse Vest RHF